



MASFJORDEN KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

| | |
|-----------------|---|
| Møtedato: | 26.09.2023, kl. 08.55 – 13.25 |
| Stad: | Kommunestyresalen, Kommunehuset, Masfjordnes |
| Tilstade: | Rigmor Søvik (leiar), Ragnvald Tangedal (nestleiar), Jostein Kvamme Duesund (medlem), Birger Wergeland (vara), Gro Serine Baarøy (medlem), Berit Lygre (medlem) |
| Forfall: | Jostein Kvamme Duesund (medlem) |
| Andre: | Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ordførar Karstein Totland |
| Frå revisjonen: | Revisjonssjef Janne Eraker, forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland, Vestlandsrevisjon IKS |
| Sekretær: | Torbjørgr Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS |

INNHALDSLISLE

| | |
|--|----|
| 21/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 26.09.2023 | 2 |
| 22/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 25.04.2023..... | 2 |
| 23/23 Meldingssaker | 3 |
| 24/23 Rapport forvaltningsrevisjon..... | 4 |
| 25/23 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2022..... | 7 |
| 26/23 Orientering om statleg tilsyn – kommunal beredskap og helseberedskap | 8 |
| 27/23 Aktuelt i Masfjorden kommune | 8 |
| 28/23 Stadfesting av revisor si uavhengighet..... | 9 |
| 29/23 Orientering om overordna revisjonsstrategi og revisjonsplan..... | 9 |
| 30/23 Medlemskap i FKT | 10 |
| 31/23 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2024 | 10 |
| 32/23 Overføringsdokument inkl. sluttevaluering og innspel til nytt kontrollutval..... | 11 |
| 33/23 Møteprotokollar frå politiske utval..... | 12 |
| 34/23 Eventuelt | 12 |



21/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET 26.09.2023

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 26. september 2023 er godkjent.

BEHANDLING I MØTET

Einstemmig

SAMRØYSTES VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 26. september 2023 er godkjent.

22/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 25.04.2023

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 25.04.2023 er godkjent slik den ligg føre.

BEHANDLING I MØTET

Einstemmig

SAMRØYSTES VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 25.04.2023 er godkjent slik den ligg føre.



23/23 MELDINGSSAKER

- a. Statleg tilsyn frå mattilsynet – Vannforsyningsystem.
Saksvedlegg: Inspeksjonsrapport – 16.05.23 – vannbehandling – Haugsvær vassverk

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingssaken til orientering

BEHANDLING I MØTET

Einstemmig

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssaken til orientering



24/23 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse og rekruttering» datert 19.09.23, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret og ber om at rådmannen:
 - held fram informasjonsarbeidet knytt til plan for strategisk kompetansestyring overfor tilsette
 - gjennomgår plan for strategisk kompetansestyring med einingsleiarane med fokus på kva oppgåver og ansvar som er lagt til dei og korleis ivareta desse
 - systematisk følgjer opp og evaluerer plan for strategisk kompetansestyring undervegs i perioden
 - vurderer å definere, synleggjere og forankre kommunen sin arbeidsgjevaridentitet gjennom arbeidsgjevarpolitikk- og strategi i samsvar med KS si generelle tilråding
 - vurderer å etablere ein læringsstrategi
 - vurderer å auke profileringa mot unge gjennom tiltak tilpassa målgruppa
 - følgjer opp resultatane og tilbakemeldingar i undersøkingane i kommunen sitt utviklingsarbeid
 - vurderer å tydeleggjere rutineane for gjennomføring av medarbeidersamtalar og oppfølging av desse
 - etablerer felles malar som kan nyttast for å standardisere medarbeidersamtalar på tvers av einingane
 - vurderer om det bør innførast rutine for tilbakemeldingar på gjennomføring og eventuelle tilbakemeldingar i samband med medarbeidersamtalar.
3. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be rådmannen leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp. Framdriftsplanen bør leggjast fram for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til neste kontrollutvalsmøte.
4. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be rådmannen om å få ein skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

1. Kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse og rekruttering» datert 19.09.23, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber om at rådmannen:
 - held fram informasjonsarbeidet knytt til plan for strategisk kompetansestyring overfor tilsette
 - gjennomgår plan for strategisk kompetansestyring med einingsleiarane med fokus på kva oppgåver og ansvar som er lagt til dei og korleis ivareta desse



- systematisk følgjer opp og evaluerer plan for strategisk kompetansestyring undervegs i perioden
 - vurderer å definere, synleggjere og forankre kommunen sin arbeidsgjevaridentitet gjennom arbeidsgjevarpolitikk- og strategi i samsvar med KS si generelle tilråding
 - vurderer å etablere ein læringsstrategi
 - vurderer å auke profileringa mot unge gjennom tiltak tilpassa målgruppa
 - følgjer opp resultatata og tilbakemeldingar i undersøkingane i kommunen sitt utviklingsarbeid
 - vurderer å tydeleggjere rutineane for gjennomføring av medarbeidersamtalar og oppfølging av desse
 - etablerer felles malar som kan nyttast for å standardisere medarbeidersamtalar på tvers av einingane
 - vurderer om det bør innførast rutine for tilbakemeldingar på gjennomføring og eventuelle tilbakemeldingar i samband med medarbeidersamtalar.
3. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til neste kontrollutvalsmøte.
 4. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart behandla etter sak 29/23

Forvaltningsrevisor, Ragnhild Kartveit Høyland, presenterte forvaltningsrevisjonen i møtet.

Undersøkinga blant leiarane har god svarprosent, og gjer eit godt grunnlag for innhaldet i undersøkinga.

Svarprosenten ved undersøkinga hjå ansatte (under leiarnivå) er låg, 30%. Denne undersøkinga er utført anonymt, og respondentane har fått tre påminningar om å delta i denne. Undersøkinga støtta av rapporten gjev likevel ein indikator på tilstanden i kommunen innanfor oppvekst og pleie og omsorg.

Kontrollutvalet drøfta framlegg til vedtak og vedtok å ta vekk kulepunkt 9 og gjere endring i kulepunkt 8, under vedtak 2

- *vurderer å tydeleggjere rutineane for gjennomføring av medarbeidersamtalar og oppfølging av desse, herunder og etablere felles malar for medarbeidersamtalar på tvers av einingane*

Kontrollutvalet kom også med ei endring, i punkt 3 i vedtaket:

Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be rådmannen leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp. Framdriftsplanen bør leggjast fram for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret i fyrste kontrollutvalsmøte i 2024.



SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse og rekruttering» datert 19.09.23, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til kommunestyret og ber om at rådmannen:
 - held fram informasjonsarbeidet knytt til plan for strategisk kompetansestyring overfor tilsette
 - gjennomgår plan for strategisk kompetansestyring med einingsleiarane med fokus på kva oppgåver og ansvar som er lagt til dei og korleis ivareta desse
 - systematisk følgjer opp og evaluerer plan for strategisk kompetansestyring undervegs i perioden
 - vurderer å definere, synleggjere og forankre kommunen sin arbeidsgjevaridentitet gjennom arbeidsgjevarpolitikk- og strategi i samsvar med KS si generelle tilråding
 - vurderer å etablere ein læringsstrategi
 - vurderer å auke profileringa mot unge gjennom tiltak tilpassa målgruppa
 - følgjer opp resultatane og tilbakemeldingar i undersøkingane i kommunen sitt utviklingsarbeid
 - vurderer å tydeleggjere rutineane for gjennomføring av medarbeidersamtalar og oppfølging av desse
 - vurderer å tydeleggjere rutineane for gjennomføring av medarbeidersamtalar og oppfølging av desse, herunder og etablere felles maler for medarbeidersamtalar på tvers av einingane
3. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be rådmannen leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp. Framdriftsplanen bør leggjast fram for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret i fyrste kontrollutvalsmøte i 2024.
4. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be rådmannen om å få ein skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

1. Kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse og rekruttering» datert 19.09.23, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber om at rådmannen:
 - held fram informasjonsarbeidet knytt til plan for strategisk kompetansestyring overfor tilsette
 - gjennomgår plan for strategisk kompetansestyring med einingsleiarane med fokus på kva oppgåver og ansvar som er lagt til dei og korleis ivareta desse
 - systematisk følgjer opp og evaluerer plan for strategisk kompetansestyring undervegs i perioden



- vurderer å definere, synleggjere og forankre kommunen sin arbeidsgjevaridentitet gjennom arbeidsgjevarpolitikk- og strategi i samsvar med KS si generelle tilråding
 - vurderer å etablere ein læringsstrategi
 - vurderer å auke profileringa mot unge gjennom tiltak tilpassa målgruppa
 - følgjer opp resultata og tilbakemeldingar i undersøkingane i kommunen sitt utviklingsarbeid
 - vurderer å tydeleggjere rutineane for gjennomføring av medarbeidersamtalar og oppfølging av desse
 - vurderer å tydeleggjere rutineane for gjennomføring av medarbeidersamtalar og oppfølging av desse, herunder og etablere felles malar for medarbeidersamtalar på tvers av einingane
3. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret i fyrste kontrollutvalsmøte i 2024.
 4. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.

25/23 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIOMRÅDET 2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering
2. Kontrollutvalet ynskjer orientering om korleis kommunen har fulgt opp tilrådingane frå revisor i neste møte.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart behandla etter sak 25/23

Revisjonssjef Janne Eraker, orienterte generelt om forenkla etterlevingskontroll, samt gjennomføring, funn og tilrådingar etter etterlevingskontrollen med temaet «økonomiske fullmakter».

Kontrollutvalet ynskjer å endre del 2 i vedtaket, til: *Kontrollutvalet ynskjer orientering om korleis kommunen har fulgt opp tilrådingane frå revisor i fyrste møte i 2024.*

Samrøystes vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering
2. Kontrollutvalet ynskjer orientering om korleis kommunen har fulgt opp tilrådingane frå revisor i fyrste møte i 2024.



26/23 ORIENTERING OM STATLEG TILSYN – KOMMUNAL BEREDSKAP OG HELSEBEREDSKAP

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, orienterte om framdrifta i planen som vart sendt inn som svar til pålegga kommunen fekk i dette tilsynet.

Kommunen er godt kjend med at dei mangla plan for ROS, dette vart også gjort kjend til statsforvaltar. Tilsynet er lukka basert på at det er utarbeida ein plan.

Presentasjonen ligg ved protokollen.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

27/23 AKTUELT I MASFJORDEN KOMMUNE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Saka vart behandla som første sak i møtet

Rådmann, Svein Helge Hofslundsengen, orienterte om:

- Trekk i rammetilskot er nedjustert
- Manglande inntekt på straum vil gje budsjettavvik
- Utfordringar på drift helse og omsorg, vanskeleg å få inn folk, har brukt ein del vikarar.
- Lønnsoppgjer vart høgare enn budsjettet
- Prisveksten gjer at varer og tenester vert høgare

Ordførarar, Karstein Totland, orienterte om:

- Val
- Kommunedelplan

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering



28/23 STADFESTING AV REVISOR SI UAVHENGIGHET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek revisor si stadfesting om uavhengigheit til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Revisor informerte kort om uavhengighetserklæringa

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si stadfesting om uavhengigheit til orientering.

29/23 ORIENTERING OM OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI OG REVISJONSPLAN

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Revisjonssjef, Janne Eraker, orienterte om overordna revisjonsstrategi og revisjonsplan.

Overordna revisjonsstrategi, deles opp i tre områder; Planlegging, gjennomføring og avslutning.

Planlegging - Oppdatert forståing av verksemda. Gjennomføring – interims -og årsoppgjers revisjonen. Avslutning – går gjennom funn og foretek avsluttande analyse av rekneskapen, som ender opp i ei revisjonsmelding.

Hovudmålet til rekneskapsrevisjon, er å auke tilliten til rekneskapen.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering



30/23 MEDLEMSKAP I FKT

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Masfjorden kontrollutval ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta saka. Sekretariatet sjekkar opp om betaling er gjeldande ved innmelding, og kva beløp dette er.

SAMRØYSTES VEDTAK

Masfjorden kontrollutval ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

31/23 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2024

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 934 700

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følga innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalssekretær gjekk gjennom budsjettet. Revisjonssjef forklarte oppsett beløp for revisjonskostnadane.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 934 700

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følga innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.



32/23 OVERFØRINGSdokUMENT INKL. SLUTTEVALUERING OG INNSPEL TIL NYTT
KONTROLLUTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 – 2023 slik det ligg føre.
Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode.
Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Einstemmig vedteke

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 – 2023 slik det ligg føre.
Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode.
Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering.



33/23 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalsmedlemmene informerte om saker frå dei ulike utvala.

Gro informerte om saker frå eldrerådet

Berit informerte om saker frå administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet. Mange og viktige saker har vore oppe, blant anna strategisk kompetanseplan som vart teke opp i forvaltningsrevisjonen.

Ragnvald informerte om saker frå teknisk utval

Rigmor: Informerte om saker frå formannskap, kommunestyret og kraftfondstyret. I kommunestyret har kvalitetsmelding frå barne og ungdomsskule vore oppe som sak.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

34/23 EVENTUELT

Rådmannen informerte om at dato for neste møte som er satt opp i Masfjorden, (5.desember 23) er same dato som folkevaldopplæringsprogrammet. Sekretariatet set opp forslag til ny dato for møtet.

Masfjorden 26.09.23

Kontrollutvalet

Møte i kontrollutvalet

den 26 september 2023

Sak 26/23



Varsel om tilsyn

Varsel om tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap - kommunar i Vestland i 2023

Til kommunedirektørar og beredskapsansvarlege i kommunar

Statsforvaltaren fører tilsyn med oppfølging av kommunal beredskapsplikt, jf. sivilbeskyttelseslova § 29, § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt og helsetilsynslova § 4.

Målet med tilsynet er å undersøke om arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med lov- og forskriftskrav. Sjå liste med relevant regelverk under.

I 2023 er det planlagt tilsyn med følgjande kommunar:

| Kommune | Dato for tilsyn i 2023 |
|----------------|-------------------------------|
| Stryn | Torsdag 9. mars |
| Masfjorden | Tysdag 21. mars |
| Kvam | Tysdag 25. april |
| Askøy* | Torsdag 8. juni |
| Bremanger | Tysdag 26. september |
| Bergen* | Tysdag 14. november |

***Tilsyn avgrensa til kommunal beredskapsplikt etter sivilbeskyttelseslova med tilhøyrande forskrift.**

Resultat av tilsyn

Oversending av endeleg tilsynsrapport - Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Masfjorden kommune 2023

Statsforvaltaren i Vestland viser til tilsynsmøte med Masfjorden kommune 21. mars 2023 og utkast til tilsynsrapport datert 18. april 2023. Kommunen gav tilbakemelding 3. mai om at den ikkje har merknader til rapporten.

Vedlagt følger endeleg rapport datert 5. mai frå tilsynet med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Masfjorden kommune.

Statsforvaltarens konklusjon er:

Lovbrot 1 : Masfjorden kommune har ein heilskapleg ROS-analyse frå 2015. Analysen er ikkje oppdatert ved endringar i risiko og sårbarheitsbildet eller revidert sidan 2015. Kravet til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) er følgeleg ikkje tilfredsstillt.

Dette er brot på: [Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelseslova\) § 14](#) og [forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2 og 6](#).

Lovbrot 2 : Masfjorden kommune manglar ein plan for helsemessig og sosial beredskap og ein risiko- og sårbarheitsanalyse innan området som stettar krav i lov og forskrift.

Dette er brot på: [Lov om helsemessig og sosial beredskap \(helseberedskapslova\) § 2-2](#) og [forskrift om krav til beredskapsplanlegging](#).

Lukking av avvik

Mål:

- A. Masfjorden kommune skal ha ein oppdatert heilskapeleg ROS som kan godkjennast i kommunestyret i februar 2024.

- B. Masfjorden kommune skal innan februar 2024 få godkjent i kommunestyret ein plan for helsemessig og sosial beredskap, og ein risiko- og sårbarheitsanalyse innan området som stettar krav i lov og forskrift.

Metode:

To grupper vert oppnemnd og gjer ferdig sine produkt for godkjenning i kommunestyret. Arbeidet skjer parallelt. Eit medlem er med i begge gruppene og koordinerer.

Dei to arbeidsgrupper er oppnemnd med følgjande medlemmer.

Tilbakemelding Statsforvaltar

Svar på tilbakemelding frå Masfjorden kommune etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Masfjorden kommune 210323

Vi viser til rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Masfjorden kommune 21. mars 2023, og dykkar brev av 12. juni 2023 der de orienterer om plan for retting av lovbrøt avdekt i tilsynet.

Vi ser på plan for retting av lovbrøta med tilhøyrande tidsfristar som tilfredsstillande, og avsluttar med dette tilsynet.

Vi ber om ei orientering når lovbrøta er retta.

Vi vil gjerne følgje med i arbeidet med retting, og vil ta kontakt til hausten for ei kort oppdatering om status.

Med helsing

Linda Svori
assisterande fylkeslege

Lene Stavseng
seniorrådgjevar

Ny overordna ROS for Masfjorden kommune

Eksisterande overordna ROS er frå 2015

Krav frå Statsforvaltaren at kommunen har på plass ny revidert overordna ROS.

Dei skriv i brev etter tilsyn følgjande:

«Det gjekk fram av tilsynsmøtet at kommunen er merksam på at ROS-analysen manglar omtale av enkelte relevante risiko- og sårbarheitsfaktorar, og at det er trong for å oppdatere den.

Analysen er lite spesifikk i kartlegginga og vurderingane av kva konkrete konsekvensar uønskte hendingar kan gi for kommunen. Vurderingar av relevante sårbarheiter, og skildring av korleis uønskte hendingar påverkar evna til å oppretthalde leveranse av kritiske tenester under ulike typar påkjenningar, er knapp.»

Mål for Masfjorden kommune

- * **A. Masfjorden kommune skal ha ein oppdatert heilskapeleg ROS som kan godkjennast i kommunestyret i februar 2024.**
- * B. Masfjorden kommune skal innan februar 2024 få godkjent i kommunestyret ein plan for helsemessig og sosial beredskap, og ein risiko- og sårbarheitsanalyse innan området som stettar krav i lov og forskrift.

Plan for framdrift

Framdriftsplan

Arbeidsgruppe A: Overordna ROS

| Tidspunkt | Aktivitet | Deltaking |
|--------------|---|----------------------------------|
| 8. juni | Avklarande møte/ plan for arbeidet | Begge gruppene |
| 20.juni | Oppstartsmøte | Arbeidsgruppa |
| August | Arbeidsmøte | Arbeidsgruppa |
| 29.august | Møte i beredskapsrådet | Arbeidsgruppa og referansegruppa |
| September | Arbeidsmøte | Arbeidsgruppa |
| Oktober | Arbeidsmøte | Arbeidsgruppa |
| Desember | Møte med Statsforvaltaren- drøfte utkast | Arbeidsgruppa |
| Januar 2024 | Sak til formannskapet | Rådmannen |
| Februar 2024 | Godkjenning i kommunestyret | Rådmannen |

Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppe A: Overordna ROS

| Tittel | Namn | Funksjon |
|-----------------------|-----------------------------------|----------------------|
| Rådmann | Svein Helge Hofslundsengen | leiar |
| Assisterande rådmann | Sveinung Toft | skrivar |
| Teknisk sjef | Roald Kvingedal | medlem |
| Brannsjef | Lars Jørgen Svendsen | medlem |
| Oppvekstleiar | Rita Ludvigsen | medlem |
| Helse og omsorgsleiar | Oddvin Neset | Medlem/ koordinering |

I tillegg vil ein nytta beredskapsrådet som referansegruppa, samt einingsleiarane i kommunen. Ved behov vil også nabokommunane verta invitert inn i møte i referansegruppa.

Arbeidsgruppe B Plan for helsemessig og sosial beredskap med ROS analyse

| Tittel | Namn | Funksjon |
|---|--------------------------|---------------------|
| Helse og omsorgsleiar | Oddvin Neset | leiar/ koordinering |
| Kommuneoverlege | Rolf Martin Tande | medlem |
| Leiar forvaltningskontoret for Helse- og omsorg | Elin Eikemo | medlem |

I tillegg vert det oppnemnd ei referansegruppe med følgjande deltakarar:

| Funksjon | Namn |
|--|---------------------|
| Heimetenestene | Hildegunn Bjånes |
| Leiar pleie og demensavdelingar | Aud Berit Sleire |
| Psykiatrisk sjukepleiar | Monica Rongved |
| Kommunefysioterapeut | Lene Danielsen |
| Leiar Masfjorden Bu- og Aktivitetssenter | Ernestas Janciaukas |